

Referat FAU 20.03.25

Tilstades:

2.trinn: Øystein S. Kostøl

3.trinn: Camilla Heien

4.trinn: Ann Kristin Gram (referent)

5.trinn.: Tone A. Sagen

6.trinn: B: Renate T.Hansen og Hanna Kristine S. Korsvik

7.trinn: Cecilie T. Nygård og Sandra K. Meland

FAU-leiar: Elizabeth Christensen

Rektor Leif A. Haanes i delar av møtet

Forfall:

1.trinn og 6 A.

Sak 1: Informasjon frå rektor

Rektor informerer om at det er travle dagar på skulen, men at det er lågt fråvær blant dei tilsette noko han tolkar som positivt. Vidare er det få elevar som uteblir frå skulen, og få aktivitetsplanar p.t. Skulen jobbar med «inkluderande støttesystem» som implementerast gradvis.

For tida jobbar ein med tema «leselyst». Det har fungert godt, og ein har brukt litt ekstra ressursar på f.eks. forfattarbesøk på småtrinnet. Dette har vore vellukka. Etter påske vil ein starta opp med tema «bærekraft».

Skulen driv godt økonomisk, og at dette ser bra ut. Neste skuleår blir ein dog 18 færre elevar enn i år, og ein er spente på korleis strammare økonomiske rammer vil påverka.

Skulen vil fortsetta samarbeidet med UiA også neste skuleår, og ein skal testa ut ein ny pilot for dette. Opplever samarbeidet som veldig positivt.

«Grethe på kontoret» går av med pensjon til sommaren, og det er difor intervju til hennar stilling i neste veke. Gode kandidatar som har søkt, og rektor håpar å ha klart kven som blir ny kontorleiar før påske.

Det blir ny tur til Helleviga for heile skulen fredag før haustferien (altså fredag i veke 39), slik som i fjor. Turen blir igjen sponsa av Midt Agder Friluftsråd.

Sak 2: Evaluering av temakveld

Gjennomført temakveld tysdag 11.03.25. Godt oppmøte og positive tilbakemeldingar. Positivt med felles kveldsmat!

Gjengs opplevelse i FAU av at ein veldig gjerne kunne hatt ein lengre sesjon med områdekontakt Kathrine Kristiansen, ein kunne gjerne hørt meir om kva som rører seg i nærmiljøet vårt enn det ein rakk på så kort tid. Likevel var det behov for såpass lang tid som ein hadde trinnvis, så det måtte evt. ha blitt ei enno lengre samling.

Det vart også opplevd som veldig positivt at lærarane på dei ulike trinna var med, men fleire peiker på at dei gjerne kunne ha vore enno meir delaktige og at ein trur det kunne ha gitt enno meir utbytte. På enkelte trinn var lærarane med under heile diskusjonen og det vart opplevd som veldig positivt. Dei kom med nyttige innspel til kva dei ser som rører seg på det enkelte trinnet og det gjorde at ein kunne spissa enno meir det som kom av tiltak frå foreldregruppa. På enkelte trinn var det litt uklart kven det var som skulle styra, om det var lærarane eller foreldrerepresentant. Dette kunne ha blitt klargjort ytterlegare i forkant.

Men generelt vart temakveld opplevd som veldig positivt! Og det er positivt med samarbeid mellom FAU og stab rundt tema. FAU tenker at det er bra at staben kjem med tema til oss om det er ting dei tenker vil vera nyttig å ta opp.

Temakveld neste skuleår: Cecilie T. Nygård har forslag og vil finna fram namn til neste møte.

3. Trafikk og hjartesone:

Rektor og FAU-leiar var på møte med kommunen i januar vedr. 0-visjon Agder. Visjonen er at ingen skal omkomma eller blir hardt skadde i trafikken på veg til/frå skulen eller fritidsaktivitetar. Kommunen har tilsett ein person som skal jobba med dette i vår kommune.

Det kjem fram at 90% av førebygginga er haldningar til dette frå foreldre og elevar, og kun 10% er bygging/tilrettelegging. Det er ei klar anbefaling at barna ikkje køyrast til skule/fritidsaktivitetar, men at dei heller går e.l. Dette for å sikra mindre trafikk i skulens nærområde.

Ein opplever pr i dag at vår skule ikkje er mest utsett, spesielt ikkje etter at den nye gang- og sykkelvegen mellom skulen og Jæernesheia/Skinnerheia vart opna i haust. Det peikast dog på at det snarleg (men uklart når) skal startast utbygging i Grostølveien som vil medføra at skulevegen til mange barn vil bli mindre sikker. Det er sendt inn forslag frå velforening og naboar til utbygginga om at det bør opprettast midlertidig skuleveg utanom området som vil bli berørt av bl.a. tungtrafikk i perioden utbygginga varer. Tenker at også skulen bør vera litt «på» dette.

Vurdera om FAU skal gjera noko?

4. Språkbruk på trinna

Foreldrekontakten på 5.trinn har fått inn eit spørsmål om ein kan ta opp dette med stygg språkbruk på trinna, og kva skulen gjer med dette. Spesielt sett i lys av at det har vore ein del i media rundt dette den siste tida. I tillegg har det på 7.trinn blitt laga ei ordsky som viser stygge ord som dei har hørt brukt på skulen, og denne var nokså skremmande i følge foreldrerepresentantane på trinnet.

Rektor informerer om at dei har stort fokus på dette. Det er utfordringar knytt både til språkbruk mellom barna og til at enkelte barn har stygg språkbruk også mot dei vaksne. I samtalane som ein har gjennomført enkeltvis med elevane på 5.-7.trinn kjem det fram at dei opplever nettopp språkbruk som største utfordring. Samstundes er det eit klart lovverk som sikrar at alle har rett til skulegong og opplæring, og det skal f.eks. mykje til for at ein kan ta enkeltelevar ut av klassesettinga (eksempelvis senda på gongen). Dette dilemmaet er ei stor utfordring og krevande for skulen å handtera. Rektor peikar vidare på at det ikkje kun kan vera skulen sin jobb; skulen er frå 0830-14 om dagen, og det er mange timer også utanfor skulen sine rammer. Viktig at dette også er tema på heimebane.

5. Vinterball for 7.trinn

Foreldrerepresentantane på 7. trinn ynskjer å ta opp vinterballet for trinnet som nyleg vart arrangert. Dette er eit reint foreldredrifta arrangement og første treffpunkt mellom dei elevane som saman skal starta på Havlimyra ungdomsskole frå hausten (Justvik, Fagerholt og enkelte elevar frå Prestheia).

Det viser seg at arrangementet i forkant var tatt opp i FAU på Fagerholt og at stemninga der i utg.pkt. var negativ til at det blir arrangert. Også rektor på Fagerholdt var negativ. Ballet har ikkje vore tema i FAU eller med rektor på Justvik.

Foreldrerepresentantane beskriv at arrangementet vart veldig bra og at det var god stemning og godt oppmøte. Samstundes opplevedes det som at det at det var eit «ball» gjorde at det kanskje vart eit litt uheldig fokus (f.eks. fokus på kven som har finast kjole, om ein har dress eller ei) og at dette kan bidra til eit press ein kanskje bør unngå. Det vart også opplevd som litt rart at barna skal «leika vaksne» med talar, at dei skulle delast inn i par (jente/gut) og ha fin mat (tapas). Kanskje kunne dei hatt det vel så hyggelig med eit litt nedskalert arrangement, t.d. pizza og diskotek?

Foreldrerepresentantane spelar inn dette no med tanke på at dersom ein tenker at det skal gjerast endringar, bør ein evt. ta det opp med rektor/FAU på Fagerholt nokså snarleg. Det kommentererast frå representantane på 6.trinn om at ein tenker at det er bra og viktig med ein sosial arena for å møtast før overgang til Havlimyra, men at dei er einige om at ei nedskalering til pizzakveld og diskotek kanskje kan vera hensiktsmessig. Ynskjeleg å i allefall starta ein dialog med Fagerholt rundt dette. Det avtalast at representantane på 6.trinn lagar noko skriftleg rundt dette som sendast til rektor, og som han i første omgang kan ta vidare til rektor på Fagerholt.

6. Eventuelt:

- Justvikdagen blir 5.juni, og komiteen er sett og godt i gong.
- 5.trinn er godt i gong med planlegging av 17.mai.